

## MØTEPROTOKOLL

### Styremøte for Sotra og Øygarden brannvesen IKS

**Møtestad:** Ågotnes brannstasjon, møterom Hydranten

**Dato:** 19.01.2017

**Tidspunkt:** 09:00 - 12:00

#### Følgjande medlem møtte

Per Rune Eikeseth

Olav Martin Vik

Nina Glesnes

Sveinung Vethe

Svein Bergh

Silvia Haugland

Jørgen Kausland

Petter Rørvik

#### Funksjon

Leiar

Nestleiar

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Vara for Eirik Monssen

#### Representerer

Sund kommune

Øygarden kommune

Sund kommune

Fjell kommune

Fjell kommune

Øygarden kommune

Tilsette

Tilsette

#### Fråfall

Ingen

#### Andre som møtte

Per Heiberg- Andersen

Bjørg Rabbe Sandven

Prosjektleiinga

Prosjektleiinga

KPMG

KPMG

Leiar

Nestleiar

Medlem

Silvia Haugland

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

<b>Sak nr.</b>	<b>Innhald</b>
1/2017	Godkjenning av innkalling og saksliste
2/2017	Prosesen med å etablere Sotra og Øygarden brannvesen IKS
3/2017	Eigarskapsstrategi for SØB IKS
4/2017	Styreinstruks
5/2017	Prosjektmandat for samanslåing av brannvesen
6/2017	Styreopplæring
7/2017	Orienteringssaker
8/2017	Møteplan
	Eventuelt

## **Innleing ved styreleiar.**

### **Sak 1/2017 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**Vedtak:**

Møteinnkalling og saksliste vart godkjent utan endringar.

### **Sak 2/2017 Prosessen med å etablere Sotra og Øygarden brannvesen IKS**

**Handsaming i møte:**

KPMG orienterte i møtet om prosessen med etablering av eit felles brannvesen fram til dags dato.

**Vedtak:**

Styret tok informasjonen til orientering.

### **Sak 3/2017 Eigarkapsstrategi for Sotra og Øygarden brannvesen (SØB) IKS**

**Handsaming i møte:**

KPMG presenterte utkast til eigarstrategien for SØB IKS i møtet.

**Vedtak:**

Styret tek eigarskapsstrategien til orientering.

Styret noterer seg at det ligg faglige føringar i eigarskapsstrategien.

### **Sak 4/2017 Styreinstruks**

**Handsaming i møte:**

KPMG presenterte styreinstruksen.

**Vedtak:**

Styret tek styreinstruksen til orientering.

Styret ynskjer at KPMG foreslår ei forbetring av formuleringa i selskapsavtalen § 17 knytt til avstemming i styret.

Forslag til §17, avsnitt fire:

Brannstyret er vedtaksfør når minst halvparten av medlemmene er til stades og desse representerer minst 2/3 av stemmene. Vedtak krev 2/3 fleirtal. Kvar medlem har ei røyst kvar.

### **Sak 5/2017 Prosjektmandat for samanslåing av brannvesen**

**Handsaming i møte:**

KPMG presenterte prosjektmandatet i møtet, inklusiv prosjektorganisasjon og prosjektplan.

**Vedtak:**

Styret tek prosjektmandatet til orientering.

### **Sak 6/2017 Styreopplæring**

#### **Handsaming i møte:**

Styreleiar informerte om forslag til styreopplæring, og at ein gjennomfører denne i regi av Kommunenes sentralforbund (KS). Styreleiar vil komme tilbake med meir konkret informasjon om opplegg og tidspunkt for opplæring.

#### **Vedtak:**

Styret tek informasjonen til orientering.

### **Sak 7/2017 Orienteringssaker**

#### **Handsaming i møtet**

KPMG orienterer i møte om:

- Publisering av informasjon om nytt felles brannvesen på [www.regionradetvest.no](http://www.regionradetvest.no)
- Sekretariatsbistand til styret ved KPMG fram til val av brann- og redningssjef er gjort.
- Sak om beredskapssamarbeid mellom SØB og Øygarden kommune som skal handsamast i representantskapet den 30.1.17.

#### **Vedtak:**

Styret tek informasjonen til orientering.

### **Sak 8/2017 Møteplan**

#### **Handsaming i møtet:**

Forslag til møtetidspunkt i høve til prosjektplan:

- Veke 16 eller 17: Analyse av krav/behov og mulegheiter for organisering
- Veke 19 eller 20: Val av brann- og redningssjef
- Veke 26 eller 27: Organisasjonsmodell og implementeringsplan
- Veke 42 eller 43: Prosjektets resultat, og plan for oppfølging utover 1.1.18.

Ein set av to timar til kvart møte.

#### **Vedtak:**

Styret vedtok at styremøter vert gjennomført i høve til prosjektplanen. Konkret møtetidspunkt vert satt i midten av månaden før styremøtet skal haldas. Prosjektsekretariatet avklarar møtetidspunkt med medlemmane i styret. Alle møta vert haldne på Ågotnes brannstasjon, møterom Hydranten.

### **Eventuelt**

#### **Levering av tenester til Statoil sine anlegg i Øygarden**

Styret diskuterte om Øygarden brannvern og Sotra brannvern IKS skal starte opp att dialogen med Statoil i forhold til levering av brann- og redningstenester til deira anlegg i Øygarden.

**Vedtak:**

Styreleiar tek ein dialog med brannsjefane i Øygarden brannvesen og Sotra brannvern IKS, og ber dei gjere ei vurdering av om det er grunnlag for å starte opp att dialogen med å levere tenester til Statoil.

**Prosess for tilsetjing av dagleg leiar i SØB****Vedtak:**

Styret sette ned ei arbeidsgruppe som skal arbeide med prosessen for tilsetjing av dagleg leiar i SØB. Arbeidsgruppa består av Sveinung Vethe, Silvia Haugland og Per Rune Eikeseth. Arbeidsgruppa oppdaterer styret om prosessen.

Arbeidsgruppa skal vurdere om ein skal nytte ekstern bistand i denne prosessen.

Olav Martin Vik undersøker moglegheit for å omdisponere midlar i budsjettet for implementering. Han oppdaterer styret om dette.

Styreleiar kontaktar brannsjefane i Øygarden brannvern og Sotra brannvern IKS for ein første dialog knytt til prosessen for tilsetjing av dagleg leiar.